

Internasjonal strategi

Hordaland fylkeskommune 2013-2016



Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune 2013-2016

- som vedtatt av Fylkestinget 11. juni 2013

Prinsipp for det internasjonale arbeidet

Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet. Arbeidet skal vere knytt til fylkeskommunen sine oppgåver – kultur, samferdsel, regional utvikling, opplæring og helse.

Hordaland fylkeskommune skal og bidra i internasjonalt samarbeid på regionalt nivå for å løyse globale utfordringar, til dømes utfordringar knytt til klima, transport, demografiske endringar og sosial inkludering.

Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt samarbeid med sentrale aktørar i det internasjonale arbeidet; kommunane, kompetanseinstitusjonane og næringslivet, samt institusjonar og organisasjonar.

Mål

Det internasjonale arbeidet skal bidra til:

- A. Ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region.
- B. At ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar

Strategiar

1. Samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar

Ved å samarbeide internasjonalt kan vi finne løysingar på utfordringar som enten er felles for fleire (som t.d. fråfallsproblematikk eller organisering av kollektivtrafikken) eller utfordringar som går på tvers av regions- og landegrensar (som t.d. klimautfordringar). Europeiske samarbeidsprogram gir oss ein effektivt reiskap for slik samhandling. Vi må sikre at bruken av slike program er i samsvar med dei mål og prioriteringar som til ei kvar tid gjeld for Hordaland fylkeskommune. Vi bør i størst mogleg grad sørgje for å trekkje med oss andre regionale aktørar. Vi bør òg vurdere å samarbeide med dei andre vestlandsfylka om deltaking i internasjonale prosjekt for å få større tyngde og gjennomslagskraft

Hordaland fylkeskommune skal og kunne delta i internasjonalt samarbeid som etterspør kompetanse som vår organisasjon innehar og der dette er klårt definert, til dømes prosjekt med EØS-midlar og prosjekt i andre verdsdelar.

2. Påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet

For å kunne vere med å påverke den europeiske politikktutforminga som har innverknad på utviklinga av hordalandssamfunnet, er det viktig at vi har eit høgt engasjement i europeiske organisasjonar, med særleg fokus på Nordsjøkommisjonen som er den viktigaste for Vestlandet. Vi bør og nytte kunnskap og erfaring vi får frå internasjonalt arbeid til å påverke nasjonal politikk

3. Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar

Som regional utviklingsaktør vil Hordaland fylkeskommune også trekkje aktivt inn andre aktørar i Hordaland i det internasjonale arbeidet. Dette gjeld spesielt kommunane, kulturinstitusjonane og næringslivet. I tillegg til å ta dei med i prosjekt der vi sjølv er med, bør vi og mobilisere og gi råd i høve til andre prosjekt og aktivitetar som er viktige for utviklinga av hordalandssamfunnet.

4. Auke den internasjonale kompetansen

Hordaland fylkeskommune ønskjer å auke kompetansen for å kunne samarbeide internasjonalt og samhandle i ei globalisert verd. Det kan vere kulturforståing, EU/EØS-kompetanse og språk.

Ansvaret vårt ligg primært i å auke kompetansen hos politikarar og medarbeidarar i Hordaland fylkeskommune, inkludert elevar/lærlingar

5. Vidareutvikle den faglege kompetansen gjennom internasjonal erfaringsutveksling

Det er mykje å lære av korleis regionar i andre land utfører oppgåver lik dei Hordaland fylkeskommune har. Mange organisasjonar og institusjonar i desse regionane har fagleg kunnskap som er relevant for gjennomføringa av våre oppgåver. For å kunne nå vedtekne mål er det viktig at fylkeskommunen legg opp til utveksling av erfaringar og kunnskap med regionar og institusjonar i andre land.

Hordaland fylkeskommune sine hovudverktøy for internasjonalt samarbeid

A. Europeiske organisasjonar

Hordaland fylkeskommune er medlem av organisasjonen CPMR – *Conference of Peripheral Maritime Regions* og aktiv deltakar i Nordsjøkommisjonen, som er ein geografisk underorganisasjonen av CPMR. I tillegg til å vere ein viktig politisk arena gir Nordsjøkommisjonen sine tematiske arbeidsgrupper gode høve for fagleg samarbeid. Sentrale partnerar i dette arbeidet er dei andre fylka på Vestlandet gjennom Vestlandsrådet. Alle norske fylke er og med i BSSSC – Baltic Sea States Subregional Committee.

B. Internasjonale program

Gjennom Noreg sine avtalar med EU har norske aktørar tilgang til prosjektstøtte gjennom ei rekkje europeiske program. Fylkeskommunen kan både vere med i omfattande prosjekt for interregionalt samarbeid og prosjekt med lågare terskel knytt til for eksempel erfaringsutveksling, internasjonal arbeidspraksis eller vidaregåande opplæring.

C. Samarbeidsregionar

Hordaland fylkeskommune har formalisert samarbeid med fire europeiske regionar (Orknøyane (UK), Cardiff (UK), Nedre-Normandie (FR) og Kaunas (LT)), i tillegg til ein avtale om nærings-samarbeid med Thüringen (DE). Fylkeskommunen har og ein intensjonsavtale med regionen Espirito Santo i Brasil. Utover dette samarbeider fylkeskommunen med ei rekkje byar og regionar på konkrete prosjekt.

D. Vest-Norges Brusselkontor

Hordaland fylkeskommune er eit aktivt medlem i Vest-Norges Brusselkontor (VNB). VNB er Vestlandet sitt talerør og lyttepost inn mot EU-systemet i Brussel. Kontoret er ein viktig ressurs for å auke kompetansen på EU/EØS-spørsmål og har i tillegg eit stort europeisk nettverk.

E. «Hordalandsklassar» i utlandet

«Hordalandsklassane» er ikkje eigne klassar, men eit tilbod om å ta heile andreåret i vidaregåande skole ved ein skole som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Større elevgrupper kan bli fordelt på fleire skolar i same by/region for å lette integreringa. Tilbodet finst i dag både for elevar på yrkesfagleg og studiespesialiserande program.

Skolane har og ei rekkje andre internasjonale aktivitetar som gjer elevane internasjonal erfaring, t.d. vennskapsskolar i andre land, men der elevane ikkje tar eit heilt år ute.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no